


PLAN FOR TIDLEG INNSATS

*Aldri før har det eksistert nokon som meg.
Ingen har mine auge, nase, hender eller stemme.
Ingen har mi handskrift
Aldri nokonsinne seinare kjem nokon til å sjå ut, tenkje snakke
eller gjere det same som meg.
Eg er meg, har eigenverdi og treng ikkje kopiere andre
«Vaksne for barn»*



Bekkjarvik maritime

Tidleg innsats

Tidleg innsats refererer til tiltak og strategiar som settes inn for å støtte barn som viser teikn på utfordringar i utvikling, læring eller åtferd.

Å fange opp barn med uidentifiserte vanskar tidleg:

Det er viktig å fange opp barn som treng ekstra støtte og hjelp så tidleg som mogleg. Med tidleg innsats kan vi førebyggje skeivutvikling, sosiale vanskar, lærevarskar, fråfall i skulen og å hamne utanfor arbeidslivet.

Tidleg innsats kan ha tydeleg langsiktig effekt på utvikling og læring.

Døme på ulike vanskar, der eit barn vil ha behov for tidleg innsats

- Barn med konsentrasjons og oppmerksomhetsvanskar
- Høgt aktivitetsnivå
- Manglende impuls kontroll
- Vanskar med sosialt samspel
- Vanskar med språk og kommunikasjon

Fokus på tidleg innsats

- Ha gode relasjonar til barnet
- Sensitive vaksne
- Vaksne som er tilstede verandrer for barna
- Observasjonar av barn på basen, tankar om behov for tilrettelegging
- Realistiske forventningar
- Ein kvardag ut frå barnet sine føresteningar
- Samarbeid med føresette



Rutine for tidleg innsats:

Gjennom observasjon av relasjonar mellom barn –barn, og barn – vaksne, og evt kartleggingar, skal vaksne vera merksam på barn som har vanskar og som treng ekstra hjelp og støtte i kvardagen.

1. Dersom eit barn har vanskar:

- Få oversikt, drøft med andre vaksne i basen, gjennomgang av observasjonar. Kva utfordringar har barnet?
- Vurdere organiseringa av dagen på basen
- Vurdere gruppeinndelinga i basen, faste plassar
- Samtale med foreldre, kartlegge moglege årsaker, og tiltak

2. Kven:

- Alle vaksne har ansvar for å observere alle barn på basen
- Alle vaksne har ansvar for å melde frå til ped.leiar på basen dersom dei ser eit barn som kan ha behov for hjelp og støtte
- Ped.leiar/barnehagelærar har ansvar for at det blir iverksatt tiltak og laga tiltaksplan

3. Tiltaksplan

- Tiltak som kan hjelpe og støtte barnet i kvardagen skrives ned i ein tiltaksplan
- Sett tidsramme i planen.
- Evaluering av mål og tiltak skrives inn i planen
- Evaluer korleis tiltaka virker inn på dagen til barnet
- Møte med føresette, drøfte veien vidare

4. Vurder bistand og veiledning

- PPT
- Helsestasjon
- Barnevern

Tiltak som kan hjelpe eit barn: (Statped)

Støtte og tilrettelegging i frileik

- Iverksette lekegrupper med færre barn
- Reduser utvalg av materiell og leiker, då dette kan virke forstyrrende,
- Frileik når barnet er mest opplagt.
- Avslutt mens «leken er god», slik at leik ikkje vert avslutta med konflikt
- Ein vaksen er nær og tilgjengeleg for barnet ved behov
- Vise barnet korleis ulike materiell og leiker brukes
- Aktiv vaksen i leik vil hjelpe barnet inn i ein leik
- Positive tilbakemeldinger til barnet undervegs i leiken

Støtte og hjelp i planlagte aktiviteter:

- Vurder størrelsen på gruppen, Kan det vera ein skjevdeling slik at det er færre barn i ei av gruppene?
- Vurder kven av barna som skal vera på gruppe saman
- Ha aktivitet i eit rom utan for mange forstyrrelser
- Rydd vekk materiell og utstyr som kan ta merksemda
- Visuell støtte
- Hjelp barnet i gang
- Evt gje barnet eit produkt som er påbegynt slik at barnet kjenner på meistring ved å gjere det ferdig

Støtte og hjelp i overgangssituasjoner:

- Førebu barnet. Bruk gjerne dagstavle med bilete som visuell støtte
- Ein beskjed om gangen
- Ein informasjon om gangen
- Ein forventning om gangen
- Vær enkel og konkret. Ikkje forvent at barnet skal gjette seg til kva du meiner
- Minst mogleg ventetid for eit barn med høgt aktivitetsnivå

Støtte og hjelp i matsituasjoner

- Faste plasser er forutsigbart for barnet
- Har barnet mykje uro kan det vera godt for barnet å sitje ved enden av bordet
- Vurder kva andre barn barnet kan ha rundt seg
- Vurder om ein vaksen skal sitje att med barnet gjennom måltidet
- Hjelp og støtt barnet med turtaking og samtale
- Ikkje ha forventningar om at barnet kan sitje roleg over lang tid
- Vurder kor lenge eit måltid skal vare

Støtte og hjelp i ein garderobesituasjon

- Drøft korleis garderobesituasjonen kan organiserast for å unngå mange barn og mykje støy på ein gang
- Gje tydelig og klar rettleiing i kva barnet skal ha på seg
- Gje tydelig og klar rettleiing gjennom avkledningsprosessen
- Vurder målsettinga. Er det viktigaste at barnet får komme ut og delta i lek med andre, så bør barnet få hjelp for å unngå at det strever for lenge med påkledning
- Kan ein nytte andre rom til påkledning?

Støtte og hjelp i samlingstund

- Vurder om alle barn på basen skal ha felles samlingstund eller om ein kan dele gruppa
- Legg inn faste element i innhaldet. Da blir samling forutsigbar for barnet
- Ta omsyn til barnets oppmersomhetsvanskar og aktivitetsnivå
- Ha eit variert program som tek omsyn til barnets behov for bytte av aktivitet. (musikk, sang, dans, rytmeinstrument)
- Bruke visuell støtte

Dagsplan

- Ein dags og aktivitetsplan med bilder/visuelle symbol vil vera positivt
- Dagsplan vil vera gunstig for mange barn

Les meir om fokus på tidleg innsats og tiltak på www.statped.no

Tiltaksplan

Dato:

Barnet sitt namn

Kva utfordringar har barnet:

I kva situasjonar gjennom dagen kan me sjå utfordringane :

Tiltak som skal iverksetjast

Kven gjennomfører tiltaka?

Dato gjennomføring:

Dato for evaluering